



Notat

Dato: 07.09.2018
Arkivsak: 2017/14583-20
Saksbehandlar: torrutl

Til: Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Rapportering partistøttemidler

I budsjett for 2016 vedtok fylkestinget slike retningslinjer for bruk av partistøttemidler (PS 95/2015):

- «Partistøttemidler skal nyttast til:
 - Løn til gruppeleiarar eller leiarar for utval i partiet
 - Løn til sekretærar for fylkestingsgruppene
 - Ordinære driftsutgifter for fylkestingsgruppene
- Ubrukte midlar av den økonomiske støtta kan overførast til neste fylkestingsperioden eller fylkespartiet
- Fylkestingsgruppene skal innan juni kvart år sende revidert rekneskap og årsmelding for bruken av midlane siste år til fylkesrådmannen»

Alle parti har levert reviderte rekneskap for 2017. Med tre unntak har alle partia rapportert positivt rekneskapsresultat. Fylkesrådmannen tek desse til etterretning.